



ULSTEIN KOMMUNE



# Invitasjon til tidleg marknadsdialog Nye administrasjonslokale

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

## Innhald

1	Innleiing.....	1
2	Bakgrunn og behov .....	1
3	Gjennomføring av marknadsdialog .....	2
3.1	Kva ønsker vi marknadsdialog om.....	2
3.2	Dialogkonferanse .....	2
3.3	Ein-til-ein møte .....	2
4	Påmelding .....	3

## 1 INNLEIING


Ulstein kommune, frå no av kalla oppdragsgivar, har planar om å inngå avtale om nye administrasjonslokale i Ulsteinvik sentrum, og inviterer difor til ein marknadsdialog med relevante leverandørar.

Formålet med marknadsdialogen er å presentere behova til kommunen, utforske moglegheiter, og få innspel frå marknaden for å kunne stille gode krav og relevante tildelingskriteria.

## 2 BAKGRUNN OG BEHOV

Ulstein kommune har 8 745 innbyggjarar og rundt 640 tilsette. Dei tilsette er i dag spreidd på fleire lokasjonar. Framover må det gjennomførast betydelege renoveringsarbeid på dagens rådhus. Oppdragsgivar ønsker difor å sjå etter alternative lokale. På rådhuset jobbar det i dag 40 tilsette innanfor alle etatar. I tillegg til desse ønsker oppdragsgivar å samlokalisere med andre tilsette som i dag sit på andre lokasjonar, som til dømes Ulstein Eigedomsselskap KF og Ulstein Fjernvarme.

Administrasjonslokalet skal vere i Ulsteinvik sentrum. Møre og Romsdal fylkeskommune har i sin [fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar](#) definert det som er innanfor den blå streken som sentrum og fem-minuttsbyen i Ulsteinvik<sup>1</sup>. Det er innanfor dette området det er ønskeleg å sjå på alternative administrasjonslokale.



<sup>1</sup> Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar i Møre og Romsdal er ute til høyring no.

Det er ønskeleg at arealet skal vere på ei flate/etasje. Det skal vere kontorlass for minst 50 tilsette. Oppdragsgivar ønsker meir moderne kontorlokale tilpassa meir fleksible arbeidsformer enn berre cellekontor. I dag sit dei fleste tilsette på eigne cellekontor, og det er lite fleksibelt for å kunne omorganisere seg etter behov.

Oppdragsgivar ønsker også at dei nye lokala samla sett skal vere ei mest mogleg berekraftig løysing framover. Det inneber også å sjå på moglegheit for fleir bruk med andre aktørar av fellesfunksjonar som kantine/matrom, møterom, resepsjon og liknande – i den grad det er mogleg og føremålstenleg.

### **3 GJENNOMFØRING AV MARKNADSDIALOG**

#### **3.1 Kva ønsker vi marknadsdialog om**

Oppdragsgivar ønsker å ha ein marknadsdialog for å

- informere marknaden om prosjektet og kva behov oppdragsgivar ønsker løyst
- utforske moglegheitsrommet innanfor
  - o fleksibilitet og moderne arbeidsformer
  - o sambruk/fleir bruk
  - o arealeffektivitet
- få innspel frå marknaden om kva som er moglege og realistiske alternativ for å dekke dei framtidige behova

#### **3.2 Dialogkonferanse**

Oppdragsgivar gjennomfører en digital dialogkonferanse for aktuelle leverandørar

**24. oktober klokka 11.00–12.00** på Microsoft Teams.

Agenda:

- Kort om Ulstein kommune.
- Presentasjon av bakgrunn og behov.
- Framdriftsplan.
- Spørsmål/svar/innspel.

#### **3.3 Ein-til-ein møte**

Etter dialogkonferansen vil det same dag verte gjennomført ein-til-ein-møte med relevante leverandørar. Kvart møte vil vere opptil 40 minutt. Dei påmeldte leverandørane vil få høve til å presentere sine overordna løysingar og skisser, og kome med spørsmål.

Vi oppmodar interesserte leverandørar om å delta på ein-til-ein-møte. Møtetidspunkt vert fordelt etter “førstemann til mølla-prinsippet”. Om tida ikkje skulle strekke til, vil oppdragsgivar vurdere moglegheit og behov for fleire ein-til-ein-møte.

#### **4 PÅMELDING**

Påmelding til dialogkonferansen og ein-til-ein møte kan du sende til [charlotte.gulbrandsen@inventura.no](mailto:charlotte.gulbrandsen@inventura.no) innan 21.10.22.

Oppgi namn på deltakarar og e-postadresse og om de melder dykk på dialogkonferanse og/eller ein-til-ein-møte.

Dei påmeldte vil få tilsendt lenke til møtet/møta i forkant og minimum dagen før.